

Plan for trygt og godt skulemiljø i Ulstein

2024-2027



ULSTEIN KOMMUNE

Innhald

Mål og definisjonar	3
Lovheimlar	4
Aktivitetsplikt - Framgangsmåte når ein får kjennskap til eller mistanke om at elevar ikkje har eit trygt og godt skulemiljø	6
Årshjul for arbeidet med trygt og godt skulemiljø.....	7
Forskrift om skulereglar for Ulstein kommune.....	9
VEDLEGG.....	17
Handlingsplakat når elevar brukar vald.....	17
Handlingsplan i fem punkt	18
Korleis tenkjer vi i Ulsteinskulane om åtferd?	19
Livet&Sånn.....	20
Reglar for bruk av IKT i Ulstein kommune	21

Mål og definisjonar

Hovudmål

- ❖ Trygge elevar i eit inkluderande og godt skulemiljø, som fremjar helse, trivsel og læring

Delmål

- ❖ Alle elevar i Ulstein kommune skal vere trygge på at dei vaksne tek tak når dei opplever noko vanskeleg
- ❖ Alle elevar i Ulstein kommune skal bli inkludert fagleg, sosialt og kulturelt.
- ❖ Ulstein kommune skal ha eit forsvarleg system som sikrar eleven sine rettar etter opplæringslova §12
- ❖ Skulane skal inkludere råd og utval i arbeidet med skulemiljøet

Definisjonar

Omgrepa læringsmiljø og skulemiljø vert ofte nytta om kvarandre. I denne planen nyttar vi skulemiljø om dei miljømessige faktorane i skulen.

Dei miljømessige faktorane inkluderer:

- ❖ Vennskap og relasjonar til andre elevar
- ❖ Relasjonar mellom elev og lærar
- ❖ Læraren si leiing av klasser og undervisning
- ❖ Normer og reglar
- ❖ Elevsyn og forventningar til læring
- ❖ Det fysiske miljøet i skulen
- ❖ Heim-skule- samarbeidet

Ulsteinskulen nyttar følgjande definisjon på mobbing:

“Handlinger fra voksne og/eller elevar som hindrer opplevelsen av å høre til, å være en betydningsfull person i fellesskapet og hindrer muligheten til medvirkning”.

Lund, Helgeland & Kovac, 2017

Lovheimlar

Opplæringslova §12 er lovgrunnlaget for Plan for trygt og godt skulemiljø.

§ 12-1. Verkeområde for kapittelet

Dette kapittelet gjeld for skulen, leksehjelpordninga og skulefritidsordninga.

§ 12-2. Retten til eit trygt og godt skulemiljø

Alle elevar har rett til eit trygt og godt skulemiljø som fremjar helse, inkludering, trivsel og læring.

§ 12-3. Nulltoleranse og førebyggjande arbeid

Skulen skal ikkje godta krenkjande oppførsel, som til dømes mobbing, vald, diskriminering og trakassering.

Skulen skal arbeide kontinuerleg for at alle elevane skal ha eit trygt og godt skulemiljø.

§ 12-4. Plikt til å sikre eit trygt og godt psykososialt skulemiljø (aktivitetsplikt og dokumentasjonsplikt)

Alle som arbeider på skulen, skal følgje med på korleis elevane har det, og om mogleg gripe inn dersom nokon krenkjer ein elev.

Alle som arbeider på skulen, skal melde frå til rektor dersom dei får mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø. Det gjeld også når ein elev seier sjølv at ho eller han ikkje har det trygt og godt. Skulen skal snarast undersøkje saka og rette opp situasjonen med eigna tiltak. Rektor skal melde frå til kommunen eller fylkeskommunen i alvorlege tilfelle.

Skulen skal lage ein skriftleg plan for tiltaka i ei sak. I planen skal det stå

- a. kva problem tiltaka skal løyse
- b. kva tiltak skulen har planlagt
- c. når tiltaka skal gjennomførast
- d. kven som skal gjennomføre tiltaka
- e. når tiltaka skal evaluerast

Skulen skal dokumentere kva som blir gjort for å oppfylle aktivitetsplikta etter første til andre ledd, i den forma og det omfanget som er nødvendig.

§ 12-5. Skjerpa plikt til å melde frå dersom ein som arbeider på skulen, krenkjer ein elev

Dersom ein som arbeider på skulen, får mistanke om eller kjennskap til at ein annan som arbeider på skulen, krenkjer ein elev, skal vedkommande straks melde frå til rektor. Rektor skal melde frå til kommunen eller fylkeskommunen, med mindre meldinga er openbert grunnlaus.

Dersom ein som arbeider på skulen, får mistanke om eller kjennskap til at ein i leiinga ved skulen krenkjer ein elev, skal vedkommande melde frå til kommunen eller fylkeskommunen direkte.

Aktivitetsplikt - Framgangsmåte når ein får kjennskap til eller mistanke om at elevar ikkje har eit trygt og godt skulemiljø

1.Gripe inn / varsle rektor

- Når ein tilsett ser eller får vite om ein situasjon der elevar vert krenka, skal han/ho gripe inn dersom dette er mogleg.
- Når ein tilsett får vite om eller får mistanke om at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø, skal rektor straks informerast.
- Dersom det er nokon i skuleleiinga som krenkjer eller på andre måtar gjer at eleven ikkje har eit trygt og godt skulemiljø, skal den tilsette som får vite om eller mistanke om dette straks melde saka direkte til skuleeigar (kommunalsjef oppvekst).

2.Opprette sak og undersøke

- Når rektor får informasjon skal saka undersøkast og aktivitetsplan opprettast.
- Undersøkinga bør starte så raskt som råd og seinast innan fem arbeidsdagar etter informasjonen vart gitt til rektor.
- Dersom hendinga er alvorleg skal føresette orienterast. Dette skal skje uavhengig av om rektor meiner at ytterlegare tiltak er naudsynte.
- Dersom det er ein vaksen i skulen som krenkjer eller på andre måtar gjer at eleven ikkje har eit trygt og godt skulemiljø, skal rektor melde frå til kommunen eller fylkeskommunen, med mindre meldinga er openbert grunnlaus.

3.Samarbeid, tiltak og evaluering

- Tilsette og rektor samarbeider vidare om aktivitetsplanen, fordeler ansvar, oppgåver og set fristar.
- Elev og føresette skal informerast om at det er oppretta aktivitetsplan i saka, og skal få uttale seg om og medverke på kva tiltak som skal gjennomførast.
- Føresette skal få innsyn i planen så snart som råd.
- Skuleleiinga må vurdere i kva grad namn og opplysningar om andre elevar skal sladdast.
- Aktivitetsplanen skal til ei kvar tid vise kva situasjon som er avdekt:
 - kva undersøkingane viser
 - kva tiltak som er sette i gong
 - kva som er formålet med tiltaka
 - kven som skal gjennomføre tiltaka
 - kva tid tiltaka skal evaluerast
 - evaluer jamnleg om eleven har det trygt og godt
 - om svaret er nei: ny runde med samarbeid, tiltak og evaluering

4.Avslutte sak

- Når elev, føresette og skule saman meiner at saka er løyst, skal aktivitetsplanen vise til at eleven har det trygt og godt, og arkiverast i elevmappa.

Årshjul for arbeidet med trygt og godt skulemiljø

Tidspunkt	Aktivitet	Ansvar
Heile året	Elevsamtalar - systematiske og situasjonsavhengige. Førebyggjande arbeid med skulemiljø. Elevråd og Foreldrerådet sitt arbeidsutval (FAU) /Skulemiljøutval (SMU) inkludert i arbeidet med skulemiljø	Rektor Kontaktlærar
Før skulestart	Gjennomgang av plan for trygt og godt skulemiljø med fokus på lovverk, rettar og plikter, reglar og rutinar for alle tilsette. Fastsetting av vaktplan for pauser og friminutt Informasjon om regelverket i §12 i opplæringslova til UEKF sine tilsette	Rektor Skuleeigar
Første skuleveka	Oppdatert plan for arbeidet med trygt og godt skulemiljø for skulen. Informasjon om plan for trygt og godt skulemiljø, rettar, plikter og rutinar til elevar. Utarbeiding av klassereglar.	Rektor + trinn-/lagleiar kontaktlærar
September	Klasseforeldremøte med fastsette tema -Plan for trygt og godt skulemiljø -Orientering om §12	Rektor og kontaktlærar
Før haustferie	Orientering til heimane om regelverk etter §12 og plan for trygt og godt skulemiljø, inkludert førebyggjande tiltak Fellesmøte tilsette med tema relasjonskompetanse Gjennomføring av trivselsundersøking/Spekter i alle klasser Gjennomgang av resultat frå trivselsundersøking/Spekter i alle klasser Gjennomgang av plan for godt og trygt skulemiljø i Elevråd (ER) og samarbeidsorgan (FAU/SMU) Drøfting av planen og resultat frå Spekter i ER, FAU/SMU	Rektor og kontaktlærarar
Oktober/ november	Elevsamtalar og halvårsvurdering Utviklingssamtalar Gjennomføring Elevundersøkinga. Eventuelt foreldreundersøkinga (FU) og lærarundersøkinga(LU)	Rektor
Desember/ Januar/februar	Evaluering av Elevundersøkinga, foreldreundersøkinga (FU) og lærarundersøkinga(LU)	Rektor og kontaktlærarar

Mars - mai	Gjennomføring av Speker i alle klasser. Gjennomgang av resultatene fra Speker, og vurdere tiltak. Evaluere tiltak knytt til Speker Elevsamtaler og halvårsvurdering Utviklingssamtaler	Kontaktlærer
Juni	Evaluering av arbeidet med plan for trygt og godt skulemiljø	Rektor

Forskrift om skulereglar for Ulstein kommune

Heimel: Fastsett av kommunestyret i Ulstein kommune 27. juni 2024 med heimel i lov 9. juni 2023 nr. 30 om grunnskoleopplæringa og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova) § 10-4, §10-5, §10-6, §10-7, §13-1, §13-2 og §27-2.

§ 1 Føremål

Alle elevar og tilsette i grunnskulen i Ulstein skal oppleve eit trygt, inkluderande og godt skulemiljø som fremjar helse, trivsel og læring (opplæringslova § 12-2). Skulereglene skal bidra til å skape eit godt forhold mellom elevar og føresette og alle tilsett på skulen og SFO.

Skulen skal sørge for at elevar og føresette får vere med på å planlegge, gjennomføre og vurdere mellom anna arbeidet med skulemiljøet, kvalitetsutvikling i opplæringa og utarbeiding av skulereglar (opplæringslova § 10-4).

Denne forskrifta inneheld:

- Skuledemokrati og korleis kommunen vel å organisere dette (oppl.lova §§ 10-4 og 10-5)
- Elevane sine plikter og rettar (oppl.lova § 10-6)
- Reglar for orden og åtferd (skulereglar, oppl.lova § 10-7)
- Tiltak og reaksjonar ved brot på informasjonen, og om korleis slike saker skal handsamast (oppl.lova § 10-7)

§ 2 Skuledemokrati (§10 – 4, §10 – 5 og § 10 – 7)

Om skuledemokrati

Skulen skal sørge for at både elevar og foreldre deltek i planlegging, gjennomføring og vurdering av verksemda til skulen, mellom anna arbeid med skulemiljø, kvalitetsutvikling i opplæring og fastsetjing av skulereglar. Skulen skal leggje til rette for at elevane skal ytre seg, og oppmuntre dei til å delta i skuledemokratiet, jf oppl.l § 10-4.

Elevdemokrati

Dersom elevane ikkje vel annan måte å organisere seg på, skal det ved kvar grunnskule i kommunen vere eit elevråd som er valt av elevane ved skulen, jf oppl.l § 10-5.

Foreldredemokrati

Med mindre foreldra vel ein annan måte å organisere seg på, skal det ved kvar grunnskule i kommunen vere eit arbeidsutval som er valt av foreldra på skulen.

Dersom foreldra ønskjer det, dannar ein kommunalt arbeidsutval blant foreldra med to representantar frå kvart arbeidsutval frå kommunen sine grunnskular. I dette utvalet kan og eventuelle private skular i kommunen verte medrekna.

Samarbeids -og skulemiljøutvalg

I kommunen skal det og ved kvar grunnskule vere eit samarbeids –og skulemiljøutval. Dette utvalet skal vere representert slik:

- To representantar frå elevråd
- To representantar frå foreldregruppa
- To representantar frå undervisningspersonalet
- Ein representant frå andre tilsette
- To representantar frå kommunen. Den eine av desse skal vere rektor ved skulen

Samarbeids –og skulemiljøutvalet har rett til å drøfte og uttale seg i alle saker som gjeld skulen. Vidare skal utvalet medverke til at elevar, foreldre og tilsette ved skulen aktivt arbeider systematisk for å sikre eit trygt og godt læringsmiljø for alle ved skulen.

Dersom samarbeids –og skulemiljøutvalet skal handsame saker som er underlagt lov om teieplikt, skal elevane ikkje vere ein del av handsaminga.

§ 3 Skulereglar (§10 – 6 og §10 – 7)

Plikt til deltaking

Elevane skal vere aktivt med i opplæringa og følgje skulereglane.

Plikt til oppfølging av elevfråver

Kommunen har plikt å følgje opp elevar sitt fråvere frå skulen.

Skulen skal føre fråver for elevar som ikkje møter til undervising.

Foreldra pliktar å melde frå til skulen om planlagd fråver og elevane sitt sjukefråver. Lengre sjukefråver skal dokumenterast av lege.

Elevar som av helsemessig årsaker ikkje kan fylle opplæringsplikta skal ha sakkunnig vurdering frå PPT som grunnlag for vedtak om midlertidig fritak frå heile eller delar av opplæringsplikta.

§ 4 Reglar knytt til orden

1. Elevane skal vere aktivt med i opplæringa og følgje skulereglane jf. Opplæringslova §10 – 6.
2. Elevane møter presis og budd til timar og avtalar.
3. Elevane kan bli pålagde å gjere oppgåver utanom skuletida (lekser).

4. Elevane har med utstyr som er nødvendig for opplæringa.
5. Elevane gjer ferdig skulearbeidet innan fastsette tidsfristar.
6. Elevane tek godt vare på skulen og andre sine eigendelar, både ute og inne.
7. Elevane held skuleområdet reint og ryddig.
8. Ved fråvær skal føresette melde frå til skulen gjennom skuleadministrativt system. Umeldt fråvær blir rekna som ugyldig.
9. Mobiltelefon og smartklokke skal ligge på anvist plass heile skuledagen (til dømes i mobilhotell). Unntak kan gjerast etter avtale med lærar. Digitale verkty skal berre brukast i undervisninga etter avtale med lærar.
10. Dersom elevar tek med elektronisk utstyr eller verdisaker på skulen, er dette på eige ansvar.
11. Elevar skal ikkje bruke plagg som dekkjer heile ansiktet eller delar av det, når dei får opplæring. Det same gjeld når elevar deltek i skulefritidsordninga eller får leksehjelp.

§ 5 Reglar knytt til åtferd/oppførsel

1. Elevane viser respekt for kvarandre og dei vaksne på skulen.
2. Elevane følgjer beskjedar frå tilsette i skulen.
3. Elevane held arbeidsro i timane.
4. Elevane bidreg aktivt til eit godt, trygt og inkluderande læringsmiljø.
5. Elevane må ha eige løyve for å forlate skuleområdet i skuletida.
6. Juks er ikkje tillate.
7. Elevane tek ikkje med ting som kan forstyrre undervisninga.
8. Elevane tek ikkje med farlege reiskap, våpen og våpenkopiar på skulen eller SFO.
9. Elevane bruker skulen sine digitale verkty berre til pålagd skulearbeid.
10. Den enkelte skule kan sette grenser for leik som kan medføre fare eller ubehag.
11. Hærverk, vald, mobbing og nettmobbing, banning, rasistiske utsegn eller handlingar, all form for krenking og trakassering er forbode.
12. Elevane tek ikkje, eller deler, bilete film og lydopptak av andre utan at det er gitt samtykke til dette på førehand.
13. Elevane tek ikkje med eller nyttar rusmiddel, tobakk, snus, energidrikk og godteri på skulen.

§ 6 Generelt om tiltak ved brot på reglane for orden og åtferd/oppførsel

Brot på ordensreglementet kan følgjast opp på ulike måtar, dels vurdert etter alvorsgrad, gjentakingar og eleven sine føresetnader.

Det er berre tiltak under § 7 som kan nyttast. Kollektiv, fysisk eller krenkande straff skal ikkje nyttast.

§ 7 Tiltak ved brot på reglane for orden og åtferd/oppførsel

Eit tiltak skal kome så nært regelbrotet som mogleg, men likevel ikkje tidlegare enn at kvar sak er forsvarleg opplyst og handsama.

1. Advarsel/påminning frå ein vaksen i situasjonen.
 2. Samtale med kontaktlærer, rektor eller ein annan tilsett på skulen.
 3. Skriftleg merknad og melding heim frå kontaktlærer eller rektor, evt med varsel om mogleg nedsett ordens- og/eller åtferdskarakter.
 4. Pålegg om å vere på skulen før eller etter skuletid for samtale med kontaktlærer, rektor eller den rektor gjev mynde, eller for utføring av pålagte oppgåver.
 5. Pålegg om å rette opp den skaden eleven sjølv har påført skulen sin eigedom og/ eller eigedelar - til dømes rydde søppel, vaske gulv eller fjerne tagging o.l.
 6. Restriksjonar i bruken av skulen sitt IKT-utstyr, sjå kommunen sitt reglement.
 7. Ved juks og/eller plagiat vert arbeidet annullert.
 8. Avgrensa rørslefridom i friminutt - til dømes påbod om å vere i nærleiken av ein namngjeven tilsett, eller om å halde seg på et avgrensa område inne eller ute.
 9. Pause eller friminutt på andre tidspunkt enn andre elevar.
 10. Bortvising frå undervisninga for enkelttimar eller resten av dagen
- jf. opplæringslova §13-1.:
- * Elevar på 1. – 7. trinn kan visast bort frå einskildtimar eller resten av dagen. Foreldra skal få varsel før eleven vert bortvist. Bortvising kan ikkje iverksetjast utan at foreldre hentar eleven eller skulen organiserer tilsyn.

* Elevar på 8. – 10. trinn kan visast bort for resten av dagen. Foreldre skal få varsel før eleven vert bortvist. Bortvising kan ikkje iverksetjast utan at foreldre hentar eleven eller skulen organiserer tilsyn.

* Elevar kan bortvisast frå turar eller arrangement i skulen sin regi.

* Det er rektor som tek avgjerd om bortvising for lengre tidsrom enn 2 timar. Lærar kan vise elev bort frå eigne undervisingsøktar innafor grensa på 2 timar.

* Bortvising skal berre nyttast ved alvorlege eller gjentekne brot på reglar om orden og åtferd. Bortvising i 1 – 3 dagar skal gjerast ved enkeltvedtak.

* Ungdomsskuleelevar kan visast vekk frå skulen i inntil tre skuledagar etter alvorlege eller gjentekne brot på ordensreglementet.

11. Bortvising frå eksamen - etter først å ha fått åtvaring - jf. forskrift til opplæringslova § 9-39.

12. Annullering av eksamen jf. forskrift til opplæringslova §9-41 og §9-42.

13. Skulen kan bestemme midlertidig eller permanent flytting av elev til anna klasse eller gruppe.

14. Kommunen kan pålegge skulebyte til annan skule når omsynet til dei andre elevane tilseier det, og andre tiltak allereie er prøvd - jf. opplæringslova § 13-2. Dette skal berre nyttast i særlege høve. Skuleeigar gjer vedtak.

15. Skulen kan pålegge føresette å erstatte skade påført med vilje eller uvøren framferd- jf. lov om skadeserstatning §§ 1-1 og 1-2.

17. Mobiltelefonbruk eller bruk av anna digitalt utstyr som forstyrrar undervisninga eller blir brukt til mobbing, skal leverast inn av eleven og blir utlevert att ved slutten av skuledagen.

18. Rusmiddel og farlege gjenstandar skal leverast inn av eleven og hentast av føresette. I alvorlege tilfelle vert politiet kontakta, og evt ransaking og beslag vert opp til dei.

19. Alle straffbare handlingar som skjer på skulen sitt område, vert vurdert meldt til politiet. Eleven sine foreldre skal i slike tilfelle alltid varslast av skulen uavhengig av om også politiet tek kontakt med heimen.

§ 8 Krav til dokumentasjon

- Avgjerder om tiltak etter dette ordensreglementet skal vere grunngjevne.
- Det skal visast til kva regel som er broten, kva opplysningar som er lagde til grunn og kva vurderingar som er gjorde. Grunngjeving skal gjevast samtidig som eleven får vite kva avgjerd som er teken, med mindre særlege forhold gjer dette vanskeleg.

- Grunngevinga kan gjevast munnleg, men i særleg alvorlege saker bør den vere skriftleg.
- I saker som gjeld krenking som mobbing, vald, diskriminering og trakassering, skal skulen handsame desse etter opplæringslova § 12-4 og § 12-5.
- Føresette skal orienterast om alvorlege brot på ordensreglementet. Varselet kan gjevast munnleg, men bør i særleg alvorlege tilfelle vere skriftleg.

Når det gjeld plikta til å gripe inn, er det ikkje nødvendig at skulen dokumenterer kvart tilfelle av irettesetjing av elevar. Men dersom episoden som det blir gripe inn mot, er alvorleg eller det trengs stor innblanding, må dette dokumenterast. Ved munnlege meldingar må det dokumenterast på annan måte, til dømes gjennom møtereferat eller loggar.

§ 9 Eleven sin rett til å forklare seg

Før ein tek avgjerd om å bruke tiltak etter opplæringslova § 10, skal eleven få høve til å forklare seg jfr opplæringslova §10-2: «*Elevane har rett til medverknad i alt som gjeld dei sjølve etter denne lova, og har rett til å ytre meiningane sine fritt. Elevane skal bli høyrde, og det skal leggjast vekt på meiningane deira etter alder og modning*».

§ 10 Reaksjonar som berre kan ileggast av rektor eller den som opptrer i staden for rektor:

a) Det er berre rektor eller den som opptrer i staden for rektor som kan avgjerda om eit ordensbrot skal meldast til politiet, eller om det skal krevjast økonomisk erstatning frå elev og/ eller foreldre.

b) Det er rektor sjølv som vedtar bortvising frå opplæringa. Om ikkje kommunen eller fylkeskommunen fastset noko anna, kan rektor gi lærarar høve til å vise bort elevar frå ei opplæringsøkt som læraren sjølv har ansvaret for.

Å bortvise ein elev for ein dag eller meir vil vere eit enkeltvedtak etter forvaltningslova § 2, og sakshandsamingsreglane i forvaltningslova for enkeltvedtak gjeld. Utgangspunktet er at bortvising for kortare tid enn ein dag ikkje vil vere eit enkeltvedtak. Ei planlagd bortvising fram i tid for mindre enn ein dag vil likevel vere eit enkeltvedtak.

Før det blir gjort vedtak om bortvising, skal ein ha vurdert andre tiltak jf. Opplæringslova § 13-1 andre ledd: *Ein elev kan ikkje visast bort dersom mindre inngripande tiltak er tilstrekkelege*.

Foreldra skal få melding før ein elev på 1.-10. trinn blir bortvist for resten av dagen.

Det alminnelege omsorg- og tilsynsansvaret til skulen for elevane inneber at skulen også har plikt til å melde frå til foreldra til elevar på høgare trinn. Dette må skulen i lys av omsorgs- og tilsynsansvaret vurdere konkret i kvar enkelt sak.

Sjølv om opplæringslova ikkje gjev pålegg om å varsle foreldra til ungdomsskuleelevar før bortvisningsvedtak vert fatta, stiller forvaltningslova § 16 krav om førehandsvarsel før enkeltvedtak kan fattast i dei tilfelle en part ikkje allereie har fått uttale seg gjennom søknad eller på annan måte. For å oppnå tidsmessig nærleik mellom ordensbrotet og bortvisinga kan hovudregelen om at et førehandsvarsel skal vere skriftleg, fråvikast. Av førehandsvarselet skal det gå fram kva for eit tiltak som vert vurdert, og kva for eit ordensbrot saka gjeld. Foreldra sin frist til å uttale seg kan vera kort.

Når bortvisningsvedtak vert fatta, må det gå fram av rektors saksutgreiing korleis eleven har forklart seg, kva som er komme fram i rådføringa med elevens lærarar, kva for nokre andre konkrete tiltak som er vurdert, og kvifor disse ikkje vert vurderte som tilstrekkelege.

c) Bortvisning frå eksamen er enkeltvedtak som skal handsamast etter forvaltningslova kapittel IV, V og VI, og forskrift til opplæringslova § 9-39.

d) Å flytte ein elev til ein annan klasse eller basisgruppe.

§ 11 Tiltak som berre kan ileggast av skuleeigar

Å flytte ein elev til ein annan skule er et enkeltvedtak som krev handsaming etter forvaltningslova kapittel IV, V og VI, og opplæringslova § 13-2:

Kommunen og fylkeskommunen kan gjere vedtak om at ein elev skal flyttast til ein annan skole dersom oppførselen til eleven går alvorleg ut over tryggleiken eller læringa til ein eller fleire medelevar.

Ein elev skal ikkje flyttast dersom mindre inngripande tiltak vil kunne avhjelpe situasjonen. Ein elev skal ikkje flyttast dersom det fører til at eleven må flytte ut av heimen, eller gjer at dagleg skyss blir uforsvarleg. Ein elev i den vidaregåande skolen skal heller ikkje flyttast dersom det fører til at eleven må bytte utdanningsprogram eller programområde.

Kommunen og fylkeskommunen kan ikkje delegere myndigheita til å gjere vedtak om skolebyte til den enkelte skolen.

§ 12 Nedsett karakter for ungdomsskuleelevar i orden og/ eller oppførsel

§ 12-1 Formålet med og grunnlaget for vurdering i orden og i oppførsel

Formålet med vurdering i orden og i oppførsel er å fremje sosial læring, medverke til eit trygt og godt skolemiljø og gi informasjon om orden og oppførsel. Skolereglane er grunnlaget for vurdering i orden og i oppførsel, jf. opplæringslova § 10-7. Orden heng saman med om elevane er punktlege og førebudde og følgjer opp arbeid. Oppførsel heng saman med om

elevane viser omsyn og respekt for andre. Elevane skal vere gjort kjende med skolereglane. Kompetanse i fag skal ikkje trekkjast inn i vurderinga av orden eller oppførsel. I vurderinga skal det takast omsyn til føresetnadene til elevane. Det skal ikkje leggjast avgjerande vekt på enkelthendingar med mindre dei er særleg klanderverdige eller grove.

§ 12-2 Karakterar i orden og i oppførsel Frå og med 8. trinn skal elevane få vurdering i orden og i oppførsel med karakterar. Desse karakterane skal brukast: a) God (G): vanleg god orden og vanleg god oppførsel b) Nokså god (Ng): store negative avvik frå vanleg god orden og vanleg god oppførsel c) Lite god (Lg): særleg store negative avvik frå vanleg god orden og vanleg god oppførsel.

§ 12-3 Varsling om at karakteren kan falle bort eller bli sett ned

Når det er klart at ein elev står i fare for ikkje å få halvårsvurdering med karakter eller standpunktkarakter i eitt eller fleire fag, skal kommunen eller fylkeskommunen straks varsle eleven skriftleg om det. Dersom eleven ikkje er myndig, skal også foreldra varslast.

Kommunen eller fylkeskommunen skal også varsle når ein elev står i fare for å få karakteren nokså god (Ng) eller lite god (Lg) ved halvårsvurdering eller standpunktkarakter i orden eller i oppførsel. Varselet skal gi eleven høve til å få karakter i fag eller til å betre karakteren i orden eller i oppførsel.

Også dei siste vekene og dagane av et skulehalvår har betydning for karaktersetjinga. Det kan derfor førekome tilfelle der brot på ordensreglementet kjem på eit så seint tidspunkt og/ eller er av så alvorleg karakter, at et slikt førehandsvarsel ikkje gjev eleven noko reelt høve til å betre karakteren.

§ 13 Kunngjering

Ordensreglementet, både det kommunale og skulen sitt eige, lokale reglement, skal gjerast kjent for elevar, føresette og tilsette ved skulestart kvart år. Det kommunale reglementet skal alltid vere tilgjengeleg på kommunen sine nettsider. Kommunalt og lokalt reglement skal vere tilgjengeleg på skulen sine nettsider. Forskrifta skal og kunngjerast i Norsk Lovtidend etter vedtak i kommunestyret.

§ 14 Iverksetjing

Denne forskrifta trer i kraft frå og med 1. august 2024.

VEDLEGG


Handlingsplakat når elevar brukar vald

1. STOPP AKTIVITETEN OG VALDEN - Først verbalt! - Fysisk inngriping, Naudrett - Skjerming/redirecting av andre elevar - Halding /leiding - Fjerning	<ul style="list-style-type: none">➤ Ver medviten di plassering i høve til eleven➤ Ver roleg og prøv å roe ned situasjonen➤ Ver medviten både verbal og non-verbalkommunikasjon➤ Dei vaksne må gripe inn for å hindre/avgrense valdsutøvinga➤ Om mogleg bør ein vere to vaksne til stade før fysisk inngriping
2. FORKLAR ROLEG KVA DU GJER	<ul style="list-style-type: none">➤ Bruk namn➤ IKKJE eigenskapsbeskriving.(dum, idiot,...)➤ Forklar roleg og skap forutsigbarheit➤ Ikkje diskuter➤ Det er viktig å avgrense mengda av ord➤ Utnytt gode relasjonar➤ Prøv å avleie, finn på alternativ (sjå s. 2)
3. TILKALL HJELP	Det kan vere viktig at vaksne med spesiell(kritisk) kompetanse har mobiltelefon tilgjengeleg. <ul style="list-style-type: none">➤ Tilkall hjelp frå næraste vaksenperson. Det er viktig å vere fleire vaksne til stade for å roe ned situasjonen og for å vere vitne til kvarandre sine faktiske val og utføring av evt. halding
4. IVARETA OFFERET	<ul style="list-style-type: none">➤ Ta hand om offeret og gjer avtale om oppfølging➤ Vurder å sende offeret ein annan stad /til andre vaksne
5. «PUSTEPAUSE»	<ul style="list-style-type: none">➤ Avkopling og ei pause i etterkant av ein kritisk situasjon er godt for alle partar, både vaksne og elevar
6. GI INFORMASJON	<ul style="list-style-type: none">➤ Meld frå til skuleleiinga så fort som mogleg.➤ Føresette må varslast om hendinga same dag.➤ Føresette og elev kan møte på skulen for ein samtale med rektor evt. andre involverte same dag /evt. neste dag
7. KONSEKVENNS	<ul style="list-style-type: none">➤ Valdsbruk skal alltid ha ein konsekvens for elevane det gjeld➤ Konsekvensen skal vere kjend for alle og i samsvar med «Forskrift om ordensreglement for elevar i grunnskulen i Ulstein»
8. OPPFØLGING	<ul style="list-style-type: none">➤ Hendinga skal meldast som avvik➤ Evt. skademeldingsskjema til NAV➤ Gjenteiken valdsbruk skal varslast kommunalsjef for oppvekst og handterast som systemsak.

Handlingsplan i fem punkt (side 2 i Handlingsplakat - når elevar brukar vald):

1. Skap rom for eleven sine egne strategiar for å handtere situasjonen. Dersom det ikkje fungerer, går du vidare til steg 2.
2. Lag ei liste med enkle avleiingar som har fungert før. Det kan vere å gå bort til eleven og berre vere der for å skape ro med di eiga ro (demping), gjenta eit krav på ein roleg og fatta måte, be eleven om å halde fram med arbeidet, eller vise til den vanlege strukturen eller planen. Om dette ikkje fungerer, eller eleven reagerer negativt, går du vidare til steg 3.
3. Lag ei liste med aktive avleiingar som har fungert før. Det kan vere å snakke med eleven om noko han/ho likar, tøyse om noko eller liknande. Om det ikkje har effekt, gå vidare til steg 4.
4. Lag ei liste med kraftige avleiingar . Det kan vere at eleven skal springe rundt skulen, å legge til side eit krav for at eleven i staden skal arbeide med noko han/ho likar eller liknande. Dette skal gjerast på ein roleg måte, og med vekt på eleven sin sjølvkontroll. Om dette ikkje fungerer, og eleven nærmar seg eller allereie er i kaosfasen, går du vidare til punkt 5.
5. Ha ein plan for korleis situasjonen skal kunne avbrytast. Det kan vere å tilby ein annan aktivitet ein annan stad eller, om eleven allereie er i kaosfasen, at resten av klassen går ut av klasserommet. I enkelte tilfelle, til dømes ved farleg åtferd som valdeleg fysisk konflikt mellom to elevar, kan det vere naudsynt å skilje elevane fysisk ved at du nyttar deg av rørslar (ikkje fasthalding, som aukar konflikt og kaos, men at du tek tak i eleven sin arm og følgjer rørsle hans/hennar, for deretter å flytte deg raskt unna. Dette kan gjerast fleire gonger rett etter kvarandre, til eleven roar ned.
Om eleven likevel ikkje greier å roe seg og åtferda er til fare for eleven sjølv eller andre er siste utveg å halde han/henne fast. Dette bør ikkje gjerast med andre elevar til stades, og helst med andre vaksne i rommet. Det er avgjerande at den vaksne gjennom heile situasjonen beheld ei ro som kan vere smittsam, og ikkje hevar stemma.

Korleis tenkjer vi i Ulsteinskulane om åtferd?



Kjelde: [Graphics - Free Downlads - North Star PathsNorth Star Pathso](#)

Livet&Sånn

Livet&Sånn er eit gratis opplæringsmateriell for folkehelse og livsmeistring, utarbeida av Ålesund kommune med støtte frå Møre og Romsdal fylkeskommune.

Ulsteinskulane nyttar denne ressursen frå 1.-10. trinn for å styrke og fremme psykisk helse, skape trygt og godt miljø og forhindre mobbing.

Nettstad: <https://www.livetogsann.no/>



Reglar for bruk av IKT i Ulstein kommune

Ulstein kommune har eit godt IKT-tilbod til tilsette, elevar og gjestar ved skulen. For å kunne ha dette tilbodet har vi utforma nokre reglar for bruken av IKT-systemet vårt.

- All bruk av internett skal vere i samsvar med norsk lov (jf. Datatilsynets reglar). Eksempel på kva som ikkje er lov er: å stele og/eller misbruke eit brukarnamn og passord. Publisere bilete av andre utan løyve. Å stele andre sin identitet.
- Elevane har rett på eit godt læringsmiljø som fremjar helse, trivsel og læring – også på nettet. Mobbing skal verken forkomme i skulegarden, på skulevegen eller på nettet. Hugs at kommentarar og andre handlingar i sosiale mediar kan få store konsekvensar.
- Det er viktig å ha gode rutinar for handtering av brukarnamn og passord. Brukarnamn og passord er personleg og skal ikkje delast med andre. Dersom passordet er kjent for andre enn eleven sjølv bør det endrast.
- Å ta vare på utstyr er eit felles ansvar. Den enkelte elev må ta vare på utstyr som han/ho låner. Øydelagt eller tapt utstyr kan medføre eit erstatningskrav ovanfor føresette.

Brot på desse reglane reknast som brot på skulen sine skulereglar og behandlast deretter. IT-avdelinga eller SSIKT kan utan forvarsel slette materiale som bryt med reglane for IKT-systemet.

Lærar rapporterer brot på reglane til leiinga ved skulen. Det er rektor som avgjer når ein elev skal miste tilgangen til IKT-systemet og tek kontakt med IKT-ansvarleg om når kontoar skal stengjast og opnast igjen.